



SAKSFRAMLEGG

Svar på høyring - planendring og utsett byggefrist for Sauland kraftverk

Utvalssak	Utval	Møtedato
59/2025	Formannskapet	01.12.2025

PS 59/2025 Svar på høyring- planendring og utsett byggefrist for Sauland kraftverk

Vedtak i Formannskapet - 01.12.2025:

Hjartdal kommune tilrår at det vert gitt utsett frist for å starta anleggsarbeida ved Sauland kraftverk slik det er omsøkt.

Vidare forventar Hjartdal kommune at NVE tek naudsynt omsyn til vassføring både i Skogsåa og Hjartdøla, samt at omsynet til artar som elvemusling, ål og laks vert i vareteke ved NVE sin handsaming av søknaden om planendring for Sauland kraftverk. Hjartdal kommune vil påpeike at det er viktig at NVE som avgjerdsmynde tek naudsynt omsyn til ål i vassdraget og vurderer kravet til kunnskapsgrunnlag i saka i samband med løysingar for opp- og nedvandring av ål.

Saksframlegget sendast i sin heilheit som høyrings uttale frå kommunen.

Behandling i Formannskapet - 01.12.2025 :

Saka blei presentera og drøfta

Votering: Kommunedirektøren sitt forslag blei vedteke mot 2 stemmer (Nils Olav Hovde KrF og Margit Romtveit Sp).

For kommunedirektøren sitt forslag:

Bengt Halvard Odden (Ap)

Morten Sæther (Ap)

Venke Raundalen (Ap)

Mot kommunedirektøren sitt forslag:

Nils Olav Hovde (KrF)

Margit Romtveit (Sp)

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Hjartdal kommune tilrår at det vert gitt utsett frist for å starta anleggsarbeida ved Sauland kraftverk slik det er omsøkt.

Vidare forventar Hjartdal kommune at NVE tek naudsynt omsyn til vassføring både i Skogsåa og Hjartdøla, samt at omsynet til artar som elvemusling, ål og laks vert i vareteke ved NVE sin handsaming av søknaden om planendring for Sauland kraftverk. Hjartdal kommune vil påpeike at det er viktig at NVE som avgjerdsmynde tek naudsynt omsyn til ål i vassdraget og vurderer kravet til kunnskapsgrunnlag i saka i samband med løysingar for opp- og nedvandring av ål.

Saksframlegget sendast i sin heilheit som høyrings uttale frå kommunen.

Saksopplysningar

Planendringssøknaden gjeld redusert minste driftsvassføring for Sauland I og løysingar for tovegs fiskevandring forbi inntaket for Sauland II i Skogsåa.

Sauland kraftverk AS søker om løyve for:

- At fristen for å starta anleggsarbeida blir utvida med minimum 5 år for konsesjonar kunngjorde ved Kongeleg resolusjon 12.02.2016, med seinare forlengde byggjefrist og fornya ekspropriasjonsløyve, til tidlegast 12.02.2031.
- Å endra frå eitt til to aggregat i Sauland I. Dette vil gi høve til å redusera minste driftsvassføring frå 11,2 m³ /s til ca. 3,7 m³ /s. Formålet er å kunna oppfylle vilkåret om at vassføringsendringar skal skje gradvis ved drift av Sauland I.
- At det ikkje blir etablert løysingar for opp- og nedvandring av ål forbi inntaksdammen ved Sønderlandsvatn.

Skagerak Kraft er som regulant i vassdraget ikkje kjent med at det er ål så langt opp i vassdraget som Sønderlandsvatn. Ei løysing med tovegs ålevandring vil gi mykje høgare utbyggingskostnader enn kva som er prosjekterte, forsiktig rekna til 10 MNOK eksklusiv oppvandringsløysing, samtidig som inngrepet i terreng og landskap blir større. Det presiserast i søknaden at dam Hjartsjå blir planlagt for tovegs vandringsløysing for ål og annan fisk.

Vurdering

Ut frå tilsendt informasjon synast kommunedirektøren det er vanskeleg å få full oversikt over verknadane av ei redusera minste driftsvassføring. Det er presisera i høyringsbrevet at forslaget om endring av minstedriftsvassføring er eit tiltak for å sikre ein meir stabil vassføring nedstrøms utløpet frå kraftverket i Heddøla. Ved bruk av to aggregat ein kan gjera endringane i vasstanden meir gradvis, framfor kva som er mogleg med eit, og at dette vil gi mindre brå fluktusjonar i vassføringa i elva nedstrøms utløpet frå kraftverket.

Vidare står det i høyringsbrevet:

«Det må presiserast at endringane ikkje vil påverka vassføringa mellom inntaket i Hjartsjå og planlagt avløp nedstraums Omnesfossen. Det vil heller ikkje påverka talet på dagar med overløp frå terskelen ved Hjartsjå då samla slukeevne for Sauland I vil bli den same.»

Kommunedirektøren legg dette til grunn for sine vurderingar i saka, men er likevel spørjande til om tiltaket vil auke talet på dagar med minstevassføring på strekninga mellom Hjartsjå og planlagt avløp nedstraums Omnesfossen og tilsvarande for Skogsåa.

Kommunedirektøren vil minne om at det på strekning oppstrøms Omnesfossen er registrert artar som elvemusling og laks som ein forventar at NVE tek omsyn til ved sin handsaming av søknaden om planendring. Etter kommunedirektøren si vurdering har denne strekninga eit vesentleg potensiale som gyte- og oppvekstområde for laks og aure og det er difor uheldig om det vert lange periodar med minstevassføring.

Når det gjelder kravet til etablering av løysingar for opp- og nedvandring av ål forbi inntaksdammen ved Sønderlandsvatn viser kommunedirektøren til at dette opphavelig ble tatt med som vilkår i konsesjonen til Sauland kraftverk gitt i 2016. Kommunedirektøren ser at det i etterkant av dette er gjort eit forsøk på å påvise ein bestand av ål i Skogsåi med bruk av miljø-DNA, utan at det vart påvist førekomst av ål. Ein kan imidlertid lese fyljande i konklusjonen til denne undersøkinga:

«At en art ikke blir påvist kan skyldes flere årsaker, som for eksempel vannkvalitet i lokaliteten, temperatur, tetthet av arten, prøvevolumet som ble innsamlet samt behandling og analysering av prøven på lab. En negativ miljø-DNA-prøve bør derfor ikke sees på som et endelig bevis for at arten ikke finnes i lokaliteten.»

Basera på det ovan ståande meiner kommunedirektøren at det er viktig at NVE som avgjerdsmynde tek naudsynt omsyn til ål i vassdraget og vurderer kravet til kunnskapsgrunnlag i saka.

Når det gjelder utsett byggefrist stiller kommunedirektøren seg bak vurderinga om at aukande etterspørsel etter fornybar og regulerbar kraft vil medføre at rammevilkåra for å sikre ei realisering av prosjektet på sikt blir betra, og tilrår derfor at det vert gitt utsett byggefrist.

Vedlegg: